



Årsmelding

for

Osterøy Idrottslag

2015

Hovudstyret 2015

Leiar:	Magne Espelid	15
Nestleiar:	Elin Herland	15
Skrivar:	Solveig Simmenes	14/15
Controllar:	Robert Dyvik	15/16
Styremedlem:	Torbjørn Hovden	15/16
Varamedlem:	Lars Braathen Reigstad	14/15
Varamedlem:	Herdis Helle	14/15

Styremøte

Det er avhalde 11 styremøte der 35 saker er handsama.

Styret sitt arbeid

- Lysanlegg på Hatland ferdigstilt
- Anlegg: Prioritering av spelemidlar 2016-19
- Oppretta jubileumsnemnd og starta arbeid med å gje ut bok til 100års-jubileumet til OIL
- Utleige av klubbhus til skulen avslutta
- Ryddedugnad i klubbhuset
- Kartlegging av rehabiliteringstiltak på friidrettsbana på Hatland saman med friidrettsforbundet
- Delteke på møter for områdeplan for Lonevåg og Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Delteke på møter i regi av idrettsrådet
- Økonomistyring
- Gratrotandelen: starta opp arbeid med å auka grasrotandelen inn til klubben

Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som god, til tross for store låneforpliktelsar. OIL har i 2015 hatt ny omsetningsrekord og har eit godt overskot. Det var bra likviditet ved utgangen av 2015.

Alt internt mellomverande mellom gruppene er gjort opp. Sjå rekneskapen for 2015 i eige dokument.

Medlemstal

Medlemstal for 2015. Totalt 699 medlemmar, noko som er ei auke på 19 frå 2014.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	11	151	73	29	62	326
Menn	4	118	96	32	123	373
Totalt	15	269	169	61	185	699

Medlemsutvikling

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kvinner			363	321	321	326
Menn			409	405	359	373
Totalt	689	636	772	726	680	699

Nemndene sine årsrapportar:

Årsmelding for Kommunikasjonsnemnd 2015

Kommunikasjonsnemnda har ikkje hatt nokon møter i 2015.

Gruppene har sjølv hatt ansvar for å halde dei ulike undersidene på osteroyil.no oppdaterte. Osterøy IL si Facebook-side er i flittig bruk, og alle gruppene vert oppmoda til å vera aktive her. Instagram vart oppretta i 2014, og fleire av gruppene er aktive brukarar av denne.

Grasrotandelen:

Me ser at det er mykje å hente i grasrotmidlar og har difor starta arbeidet med å få inn fleire faste gjevarar til idrettslaget. Plakatar, flyers, "visittkort" og liknande er under arbeid. Informasjon og oppmoding om å gje grasrotmidlar til OIL er sendt ut i våre digitale kanalar.

Velkomen til Osterøy IL:

Som eit ledd i å ønskja nye innbyggjarar velkomen til Osterøy vil hovudstyret gje ut ei lita brosjyre med informasjon om idrettslaget saman med informasjon frå kommunen. Brosjyra er under arbeid.

For kommunikasjonsnemnda

Elin Herland

Årsrapport Idrettsnemnda for 2015

Idrettsnemnda har ikkje hatt møter i 2015.

Det har ikkje vore initiativ frå gruppene om temakveld, men det har vore ein førespurnad frå fråhaldslaget på Osterøy om ein temakveld om idrett og rus. Styret er positiv til eit slikt samarbeid og avventer vidare initiativ frå fråhaldslaget.

Når det gjeld aktivitetar på tvers av gruppene skal det nemnast at fotballgruppa har arrangert basistrening i Osterøyhallen som er eit tilbod til alle medlemane i vintersesongen samt handballgruppa si HAFO- turnering.

Kommunikasjonen mellom gruppene og styret har i hovudsak vore prega av deira arbeid med framtidige behov og ynskjer for anlegg.

For Idrettsnemnda
Magne Espelid

Årsrapport frå banenemnda for 2015

Tore Johan Langeland (leiar)

Olav Sturle Lone (fotball, delar av året)

Kjell Gjøstein (fotball, delar av året)

Karl Johan Reigstad (friidrett)

Helge Reigstad (friidrett)

Banenemna sitt oppdrag er å halda Osterøy stadion i så god stand som mogeleg ut frå dei midlar som er stilt til rådvelde.

Grasbana:

Grasbana har vore regelmessig klypt og gjødsla (noko mindre enn før) gjennom året. Vinteren var på det jamne. Våren var fuktig og det tok tid før bana var i bruk utpå våren. Det har blitt gjennomført ein god del fotballtreningar, men mindre enn det optimalt burde. Fotballkampane dette året har blitt spela i Fugledalen medan friidrettsaktiviteten har vore som den pleier med Bendit-lekene høgdepunktet andre helga i september.

Vatningsanlegget har ikkje vore i bruk grunna jamn nedbør gjennom sesongen.

Dei to vasspreiarane inne på spelefeltet er framleis ute av drift, og fleire spreiarar verkar ikkje på automatisk styring. Dette burde vore reparert sidan det medfører meir manuelt arbeid og at ein må vera meir påpasseleg med å vera til stades når det vert vatna. Ein kan vel knapt håpa på like fuktige somrar kvart år.

Grasbana har elles vorte lufta ein gong på vårparten (det burde vore fleire), dette for å betra vekst og drenering. Tilskot til Osterøy stadion var i 2015 kr 145 000 frå Idrettsrådet. Dette er eit svært viktig bidrag, men i minste laget for å få arbeidet til å gå rundt med drifta slik det ideelt sett burde. Ein har i 2016 også teke til å betala på lånet til lysanlegget på stadion.

Traktor og utstyr har stort sett fungert godt gjennom året.

Ordninga med vekkjøring av gras med tilhengar til Åsen har blitt gjort også i heile 2015 og har for det meste fungert greitt. Dei som klypper bana gir melding til ein av dei som har ansvaret for å frakta graset vekk.

Friidrettsdelen

I 2015 brukte me igjen Eivind Skjolden til banevaskinga på løpedekket i forkant av Bendit-lekene. Dette er ein ryddig leverandør og drenering av bana kom seg monaleg etterpå. Estetisk sett er ikkje 100%, men ein kan vurdere ved neste høve å strø jernsulfat utover før vasking. Anleggsutvalet i friidrettsforbundet var på befaring og ein fekk gode skussmål for korleis Osterøy stadion ser ut etter vel 10 år med bruk. Det vart konkludert med at ein bør pårekna resprøyting av toppdekket om ein fem års tid.

Hatland februar 2016

Tore Johan Langeland

Leiar banenemnd Osterøy stadion

Årsrapport anleggsnemda 2015

Klubbhuset:

- Rydda og vaska ut av klubbhus
- Kjørt buss til BIR i Mjeldalen
- Utvendig befarig

Mål for 2016:

- Fikse takrenner, port, og div. utvendige manglar.
- Utvendig Maling

Aktuelle Tema:

Det har i løpet av året vært jobba med prioriteringsliste ang. fordeling av spelemidler. Hovudstyret ønska innspel frå gruppene på deira planar når det gjeld anlegg. Utav dette satt styret opp ei prioriteringsliste. Det var ski, fotball, og – friidrettsgruppa som kom med innspel.

Leiar: Torbjørn Hovden

Dato: 29.02.2016

Gruppene sine kortversjonar av årsmeldingar følgjer:

Samandrag - Årsmelding for OIL Turngruppa 2015

Styret:

Leiar: Roald Martinsen På valg

Nestleiar: Lise Hansen Bruvik På valg

Kasserar: Audhild Hopland På valg

Skrivar: Guro Vevle På valg

Styremedlem: Neidy Rundhovde På valg

Styremedlem: Ole-Johnny Hopsdal På valg

Styremedlem: Baste Hatland På valg

Valgmennd: Marianne Solberg, Vegard Nøttvedt, Marius Sleipnes

Me har hatt følgjande parti: 5-6 år , 7-9 år, 10+år og 14+. Alle partia har hatt treningstid i Osterøyhallen. Medlemstallet høsten 2014 har vært 85 – 19 gutter og 66 jenter. Det er en nedgang på 10 frå 2014.

Parti Treningar

5-6 år Hovedtrenere = Nadja Solberg, Ihne Nese, Nathalie Tysse
Hjelpere = Foreldre

7-9 år Hovedtrenere = Ida Caroline Hartveit, Ingvild Martinsen, Martine Kollvangsnes

10+ år Hovedtrenere = Baste Neu Hatland, Ole Johnny Hopsdal

14+ år Hovedtrenere = Baste Neu Hatland, Ole Johnny Hopsdal

Aktivitetar-eigne arrangement

28. mai Sommeravslutning for alle turnere

1.juli Torgdag i Lonevåg

10. des Juleavslutning for turnere med foreldre. Underholdning med General Chezs i pausen.

Stevner – konkurransar

30. mai- 1. juni Gymfest i Vest Barn i Bergen. Ingen gymnastar deltok fra OIL.

16. og 17. nov Gøy i Turnkassen. Ingen gymnastar deltok fra OIL.

Kurs:

* Det er en prioritert oppgave å sørge for at fleire deltar på kurs, spesielt sikringskurs, for å sikre kvalitet på turntreningene og oppmuntre til rekruttering av trenere.

* Sikringskurs gjennomført for følgende: ingen

* Hjelpetrenerkurs gjennomført for følgende: Kurs ble avlyst pga sykdom hos arrangør

Dugnad:

Vi deltok med salg av Kakebokser. Over 500 bokser ble solgt med ett overskudd på kr 11 174.

Sponsing:

* Styret har inngått en sponosravtale med MX-sport hvor vi forplikter oss til å handle hos dem. Til gjengjeld får alle turnere rabatter i butikken og klubben får handler klær/utstyr for en bestemt sum pr år. For 2015 har vi fått mottatt treningstøy til en verdi av kr 10 000.

Økonomi:

Styret ønsker å øke satsene fra 75 til 100 kr pr trening for hovedtrenere og fra 50 til 75 kr pr trening for hjelpetrenerne. Det har vært utbetalt 17 450 i trener lønn i 2015.

Framtidsplanar:

Ønsker å øke aktivitetsnivået med å delta på fleire samlinger for turnere.

Ønsker også å utvide tilbudet av turnpartier hvis det er grunnlag for det.

Ønsker å ha ett interessant tilbud for eldre turnere som ønsker å bidra som trenere.

Tilstrebe å kunne lønne trenarar med attraktiv lønn.

Referent: Roald Martinsen

Samandrag – årsmelding 2015 for OIL handballgruppa

Styret 2015 (mars 2015-mars 2016)

Leiar	Rune Heradstveit	2016
Nestleiar	Kenneth Flatås	2016-17
Kasserar	Julie Anna Kay	2016
Skrivar	Thor-Eivind Mjelde	2016
Styremedlem	Kristine Vedå	2016-17
Styremedlem	Per Inge Lillejord	2016-17
Styremedlem	Linda Helland	2016-17
Ungdomsmedlem	Elin Kleppe	2016
Ungdomsmedlem	Marina Børtveit	2016

Valnemna har bestått av Roald Berentsen og Laila Borge.

Styrets/gruppas arbeid

Handballgruppa har hatt god aktivitet i 2015. Gruppa har i løpet av 2015 arrangert to miniturneringar, ein vår og ein haust. Den tradisjonelle og viktige Hafo-turneringa vart arrangert helga 14-15. februar. 276 elevar (140 gutar/136 jenter) fordelt på 39 lag deltok. Gruppa inngjekk på slutten av året nye sponsoravtalar for 3 år med opsjon på eit 4. år. Sponsoravtalane er delt inn i 5 ulike kategoriar. Tysse AS fortsett som hovudsponsor. Sponsorinntektene er auka med omlag 25%. Gruppa har inngått ny utstyrsavtale med Sport 1, Åsane, og har valt Adidas som merke. Nye treningsdressar var på plass like før jul, og nye spelardrakter er bestilt.

Styremøte

Det har vore gjennomført 6 ordinære styremøte med godt framferte. I tillegg har det vore stor aktivitet i samband med å få på plass nye sponsoravtalar, bytte av utstyrsleverandør og bestilling av treningsdresser og spelardrakter.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Aktiviteten i gruppa er i samsvar med dei mål me har, og ein har fokus på rekruttering. Gruppa stiller lag i 8. klasser; til saman 8 jentelag og to gutelag. Gruppa skulle gjerne hatt fleire lag, ikkje minst i guteklassen, men rekruttering i guteklassen er noko alle klubbar slit med. Gruppa har nytt godt av dommarkuset som var hausten 2014, og har hatt seks aktive dommarar i 2015.

Medlemstal

Handballgruppa hadde 120 registrerte medlemmer pr. 31.12.2015.

Økonomi

Økonomien i gruppa er robust og under god kontroll. Resultatrekneskapet for 2015 viser kr. 526 251 i driftsinntekter og kr. 575 982 i driftskostnader. Med finansinntekter /-kostnader vert dette eit meirforbruk på kr 46 815. Dette skuldast at gruppa har betalt treningsdressane, men at det ikkje er sendt ut faktura til spelarane.

Lonevåg, 1. mars 2016
Rune Heradstveit
Leiar Osterøy handball

Samdrag - Årsmelding Fotballgruppa Osterøy Idrottslag 2015

Styrets medlemmer

Leiar:	Arnbjørn Vevle
Nestleder:	John Erik Jørgensen
Kasserar/sekretær:	Anette Fitje
Sportssjef:	Kim Solberg
Kioskansvarleg:	Sissel Tvedt

Styrets arbeid

Styremøter

Det er halde 10 styremøter der ca 100 saker er behandla.

Spesielle oppgaver

Stort sett arbeider styret med saker vedrørende den daglege drifta av klubben.

3 saker har merka seg ut.

1. TV sendt «grasrotkamp» mot VHFK i juni. Det var eit arrangement som me kan væra svært kry av. Heile klubben stillte opp og me gjennomførte eit prikkfritt arrangement.
2. I Desember sette me i gang arbeidet med å verta sertifisert kvalitetsklubb. Det kjem til å ta ein del tid i 2016, men me har tru på at me kjem ut av prosessen med endå betre system å styra etter.
3. Samarbeidsavtale med Hausvik og Fotlandsvåg vedrørende jentefotball.

Aktivitet

Det er stor aktivitet og kapasiteten på bana i fugladalen er store deler av veka utnytta maksimalt.

I barnefotballen har me hatt med 13 lag i seriespel.

I ungdomsfotballen har me hatt med 6 med i seriespel. (inkludert samarbeidslag)

På seniornivå har me hatt både damelag og herrelag.

Alle laga har og delteke i ulike cupar.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Målsettinga til fotballgruppa er å gje eit positivt tilbod til barn og unge, slik at dei kan utvikla gode ferdigheter i eit trygt miljø.

Mottoet er *flest mulig - lengst mulig*.

Me føler at me når målet ganske bra og arbeider kontinuerlig for å gje eit maksimalt tilbod til alle.

Økonomi

Økonomien i fotballgruppa er sunn.

Likviditeten gjennom året har vore bra.

Dette på grunn av gode og langsiktige sponsoravtaler og eit ansvarlig forbruk.

Medlemstal

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner		41	20	14	8	83
Menn		78	56	15	54	195
Totalt						278

Rekneskap

Eige vedlegg

For styret
Arnbjørn Vevle

Samandrag - Årsmelding 2015 for OIL / skigruppa

Styret 2015:

Leiar: Bjørg Olaus B Reigstad.

Nestleiar: Robert Skjerping.

Skrivar: Herdis Helle.

Kasserar: Bernt Johan Flæsland.

Styremedlem: Øivind Aasheim, Torstein Mjelde, Johnny Mostrum, Emil Hosøy.

Varamedlem: Åge Myking, Kari A Hestnes.

Styrets arbeid:

Styret har hatt 4 styremøte og handsamma 29 saker. Representantar frå styret har delteke på det årlege vårmøtet og haustmøtet som vert arrangert av Hordaland skikrins. Lysløypeprosjektet på Rolland, anleggsmemda seier at gruppa som arbeidar med lysløypeprosjektet for tida ikkje fungerer godt nok. Vanskelig å få til møte og kommunikasjon. Kommunikasjonen mot styret bør bli betre. I samband med prosjektet har det vore møte med alle grunneigarar og alle er positive til skogsbilveg på 5,5 km. Planen er sendt til landbrukskontoret for teknisk godkjenning. Prosjektet arbeidast vidare med. Øyvind Litland er leiar for anleggsmemda.

Me arrangerte også i år krinssamling for juniorløparar i Hordaland skikrins- langrenn. 25 deltakarar.

Trenarane var våre egne. Arrangerte ei anna helg treningssamling for våre egne.

Styret har organisert 3 inntekstgjevande dugnader: Osterøymarknaden, Krinssamlinga og Skibasaren.

Elles fleire laurdagar med mykje dugnadsarbeid i lysløypa. Det er bygd garasje til snøscoteren på Rolland. Me har arrangert smørjekurs på Rolland, med god deltaking. Dette var gratis for dei med ungar i skigruppa. Skigruppas serviceteam var kurshaldarar.

Styret nominerte dei tre trenarane Eirik Brakvatne Mjelde, Emil Hosøy og Lars Braathen Reigstad til årets eldsjel 2016. Johnny Mostrum og Torbjørn Småland er også ein del av trenarteamet.

Serviceteamet består av Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland. Dei representerer Hordaland skikrins på nasjonale renn.

Øyvind Litland er vald til å være med i 100 års jubileums gruppa til OIL.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål:

Lysløypecupen vart arrangert 2 gonger. Avslutning/premieutdeling vart halden på Rolland, her var også pølsegrilling, leik og moro.

Svært god rekruttering og godt oppmøte på alle treningar, spesielt rullerkitreningane på laurdag.

Tilbod om 5 fellestreningar i veka for 13+. Skisamling på Geilo i desember. Her er stort sett alle utøvarar med.

Våre utøvarar deltek på alle krinssamlingar i Hordaland skikrins heile året. Me har deltakarar på alle renn som vert arrangert i Hordaland skikrins og er ein av klubbane som har flest deltakarar med.

Vidare har me løparar med på Norgescup for juniorar, NM for juniorar, Hovedlandsrennet for 15-16 åringar og Ungdommens Holmenkollrenn.

Me hevder oss i toppen i Hordaland skikrins. Under Ungdommens Holmenkollrenn hadde me topplassingar. Jonatan Gjerstad Skjerping vart nr 5 og Elias nr 12 i klassisk distanse. I friteknikk vart Elias Mostrum nr 18, Jonatan Gjerstad Skjerping nr 24 og Torjus Refsnes nr 49. Ca 300 deltakarar. Sigurd Braathen Reigstad deltok under Junior-VM på rullerki i Val Di Fiemme. Han kom heim med sølvmedalje på 200 m sprint og 4 plass på teamsprint.

Medlemstal:

Skigruppa har 102 medlemmar.

Økonomi:

Økonomien er god.

Bjørg Olaus Braathen Reigstad

Valestrandsfossen 6 mars 2016

Samandrag - Årsmelding 2015 for OIL / Orientering

Styret i gruppa har i 2015 vore:

Leiar: Per Harald Havnen Johansen

Kasserar og sekretær: Ragnhild Balsvik

Styremedlem: Kristin Löfgren

3 styremøter i løpet av 2015

Styret sitt arbeid:

Kartarbeidet og utstyr

Arbeidet med orienteringskartet Hatland er i all hovudsak fullført. Kartet fekk sin store test med 270 fornøgde bedriftsorienteringsløparar som deltok i løp på kartet den 19 august. Endeleg godkjenningssprosess for kartet vert ferdig tidleg i 2016. Gruppa har fått tilsagn om spelemidlar for kartet på kr 37 000.

O-gruppa har avtale med kommunen om gratis utlevering av kommunale kartdata. Per Harald har fått dette for eit område på Vare og i Valestrandsmarka. Begge desse områda fekk midlertidige treningskart i 2015.

Vi investerte om lag 40 000 kr i utstyr i 2015.

Aktivitet: eigne arrangement

- Nybyrjarkurs i april over 3 kveldar med ca 15 deltakarar.
- Osterøykarusell med 6 løp på 4 ulike kart: Hatland, Hosanger, Vare og Valestrandsmarka. Til saman 30 ulike personar deltok, med til saman ca 100 startar.
- Tur-orientering: i alt 40 postar satt ut på Hatland og i Hosanger. Vi har seld omtrent 30 posar med tur-orienteringskart.
- Vi stilte 1 lag på Kompisstaffetten i Samnanger og 1 guttelag på KM stafett.
- 1 ny gutteløpar deltok på løp utanfor Osterøy (Fredrik Blichfeldt).
- Magnus Gjerstad deltok på Hovedløpet for 14-16 åringar i Larvik.
- Familien Balsvik/Gjerstad med til saman om lag 50 startar i løpet av sesongen.

Vurdering av aktivitet og medlemstal i forhold til mål

Aktiviteten er i samsvar med planar for 2015, men talet på medlemmer er det ikkje. Vi har ikkje krevd inn treningsavgift i 2015, men reknar med eit medlemstal på 11, 5 av desse under 15 år.

Økonomi

O-gruppa har klart å få fleire tilskot frå O-kretsen og NOF i 2015, delvis som støtte til nystarta klubb. Slike tilskot til oppstart kan vi ikkje rekne med å få i 2016. Vi har ikkje lukkast med å få lokale bedrifter til å støtte gruppa, dei fleste seier dei allereie er sponsor for andre grupper. Til tross for dette gjekk o-gruppa ut av 2015 med 45 000 kr på bok.

Skrivar: Ragnhild Balsvik

11 februar 2016

Samandrag - Årsmelding 2015 for OIL / Friidrett

Styret 2015

Leiar: Marit Iren Reigstad (2015)

Nestleiar/sportsleg leiar: Helga Reigstad (2015)

Skrivar Herdis Helle (2015-2016)

Kasserar: Arne Reigstad (2014-2015)

Oppmann 6-10 år: Kari Lovise Kvamme

Oppmann junior/senior: Bjarte Lohne (2014-2015)

Styremedlem: Karoline Loftås (2014-2015)

Styremedlem: Vebjørn Borge (2015-2016)

Varamedlemer: Sigrid Borge og Kjetil Stokke.

I løpet av året trekte Marit Iren Reigstad, Vebjørn Borge og Kari Lovise Kvamme seg frå styret av personlege grunnar. Nestleiar Helga Reigstad har fungert som leiar sidan. Elles har Sonja Loftås og Marianne Solberg deltatt på styremøte utan å vere formelt valde (tale og forslagsrett).

Valkomit : Åse Bergheim (leiar), Tore Hannisdal, Frank Loftås

Styrets/gruppas arbeid

Viktige saker har vore sponsorarbeid, dugnader og anna økonomiarbeid, avvikling av arrangement, trenarvilkår, utøvarkontraktar og nye drakter/profileringstøy. Vi har elles byrja å jobbe mot å få nytt toppdekke, mellom anna har vi søkt om tippemidlar.

Styremøte

Styret har i driftståret 2015 hatt 8 styremøte og handsama 66 saker. Utanom møta har styret hatt hyppig kommunikasjon og drøfta mindre saker per e-post

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Dei viktigaste målsetjingane til klubben er framleis økonomi, halda på ungdommane, rekruttering og trenar-/leiarrekruttering.

I den yngste ungdomsgruppa har vi fått ei svært god jentegruppe, og her ligg det an til eit godt stafettlag etter kvart. Trenardekninga er framleis god, men i år har vi ikkje fått utdanna nye trenarar. Vi har heller ikkje fått fleire dommarar, startarar og tidtakarar. Det vert viktig å arbeide for å auke kompetansen i klubben på desse felte framover.

Sportslege prestasjoner

Sigrid Borge har i 2015 teke 4.plass i u-23EM i spyd med årets lengste spydkast i Norge på 55.72. Sannsynlegvis den beste prestasjonen i friidrettsgruppa sin lange historie.

Sondre Loftås Kåstad har delteke på juniorlandslaget som har sett 2 juniornorgesrekordar på 4x100m stafett, den beste på 40,18 og kom til finalen i stafett i EM for junior på same distanse.

Medlemstal

Gruppa har i 2015 hatt 223 medlemmar.

Økonomi

Økonomisk har dette vore eit svært godt år. Det har vore jobba hardt med økonomien. Særleg har Helga Reigstad gjort eit stort arbeid med å halde på gamle og skaffe nye sponsorar

